

## **Innspel til Kommunedelplan for kultur 2023-2035 frå Eikanger-Bjørsvik Musikklag (EBML).**

Takk for anledninga til at me får komme med innspel og takk for arbeidet som er lagt ned i kommunedelplanen.

EBML er glad for fokuset på Alver skal vere ein levande korps og kulturkommune. Å heile tida ha i tankane at ein er førebilete og på den måten har ei viktig rolle i rekruttering og ettervekst, er derfor ei prioritert oppgåve for korpset. EBML sitt arbeid med skulekorps inkluderer sommarkurset «Feriespel» som korpset har hatt sidan 1997, der korpset saman med støttespelarar har lagt ned over 20000 timar over 25 år.

Prisen for å delta har også vore den same i alle år. Dette fordi korpset vil at flest mogleg skal ha moglegheit til å vere med på dette.

Arbeidet inkluderer vidare sitin-øvingar der det enkelte skulekorpset får komme på EBML-øving og spele musikken sin saman med EBML, samt rullering på konsertar saman med skulekorps lokalt. I tillegg drifter og administrerer EBML Hordaland Ungdomsbrassband som er eit samlingsbasert korps for talantar i heile gamle Hordaland. På den bakgrunnen støtter me også forslaget om å opprette ei distriktsmusikerstilling. Dette vil kunne vere ei stilling som også kunne hjelpe med å også bygge janitsjarkorpsa i kommunen framover.

Når det gjeld musikkhuset i Knarvik er EBML glad for at dette vert ivaretatt i kulturplanen. Sjølv om EBML drifter musikkhuset øver både Knarvik Skulekorps, Oster Brass og EBML der. EBML har også klare tankar og planar om å vidareutvikla bygget til å verte endå betre for desse korpsa.

Til slutt nokon tankar om Kulturhus for regionen.

Først vil eg sitere eit innlegg Oda Elise Strandås, ein musikant frå elitekorpset Mo Hornmusikk, skreiv i Rana Blad: «Det ville vært kjøpt for alle som spiller fotball å bare trene og spille kamper på gressbaner med hull, eller grusbanner med sølepytter. Man kan kjøpe de dyreste fotballschoene, eller ha den beste fotballen i verden, men det hjelper ikke hvis underlaget er for dårlig. Det samme gjelder for korps og kultur. Jeg kan kjøpe den dyreste klarinetten i verden, og spille de vakreste og reneste tonene, men det hjelper ikke når lokalene vi øver og spiller konserter i kveler og ødelegger musikken.»

Alver kommune skal ha skryt for at dei reagerte kjapt då det kom initiativ til symjehall i Knarvik. Tomt vart raskt funne og det vart tilrettelagt for samarbeid for å få prosjektet raskt i gong. Dette er viktig for regionen.

EBML støttar arbeidet med å få eit regionalt kulturhus i kommunen. Ikkje berre korpsa, men også teaterlag, dansegrupper og band vil ha stor nytte av å ha eit godt kulturhus i Alver.

Me ber derfor om at kulturhus vert prioritert tidleg i planen.

Det vil vidare vere viktig når ein først bygger kulturhus at hovudsalen fungerer for akustiske instrumenter og ikkje er ein tørr sal som berre fungerer for forsterka musikk/band. I tillegg ser me frå turnear og konserter rundt i landet at det gjeld å ha ein god prosess slik at det vert bygd stort nok med omsyn til scene og bakscene/garderober slik at det er fungerande for mange forskjellige kulturformer. EBML er gjerne med i ein prosess vidare hvis kommunen vil ha innspel til korleis ein kan dekkja desse behova i kulturhuset.

Med venleg helsing

Eikanger-Bjørsvik Musikklag

Frode Rydland

Styreleiar